

FORELDREINFO AUGUST 2025

FAU/SU

De finn oppdatert versjon over kven som sit i ulike utval på heimesida til skulen. Første FAU møte for skuleåret blir 24.09.25



Trykk på knappen for info om rettar etter kap. 12 i opplæringslova:



Fråver frå skulen

I løpet av eit skuleår har me 190 skuledagar på 4.-10.trinn, og 152 på 1.-3.trinn her på Vikeså. Desse er elevane lovpålagt å delta på, sjukdom er sjølvstøtt gyldig grunn for fråver. Ein viktig faktor for å ønska å koma på skulen er at ein trivst, og har det trygt og godt saman med vaksne og andre elevar. Det kan og vera vanskeleg å gå heimefrå om ein er bekymra for noko heime, er i sorg eller har det vanskeleg av andre årsakar.

Nokre gonger kan det då kjennast tungt å gå på skulen og delta i fellesskapet, og det er naturleg å kjenna på ein lyst til å halde seg heime og unngå det som er vanskeleg. Difor føl me på skulen med på fråver, og vil ta kontakt med dykk heime om me ser at barnet har eit fråver me ikkje kjenner årsaken til, eller om det overstig 10% av skuledagar. Målet er å få setta inn tiltak tidleg dersom det er behov for det. Me oppfordrar difor dykk heime til å dela informasjon med kontaktlærar dersom noko er vanskeleg ein periode, det vera seg skulearbeid, vennskap, sjukdom i heimen, endringar i heimeforhold eller anna som kan påverka eit barn. Så kan me saman vera tidleg på banen for å ramma inn barna og ungdommane så godt som mogleg.

Nokre viktige datoar:

- **innskriving** 26.november
- **skuleball** 9.januar
- **avslutningsfest 10.trinn** 18.juni
- **fotografering 1.,7. og 10.trinn** 20.okt



IT TAKES A VILLAGE



Velkommen tilbake etter sommarferien til elevar, føresette og tilsette.

Me gler oss til eit år med fokus på lesing, skulebibliotek, trafikktryggleik og betre tverrfagleg innsats i Bjerkreim kommune. Ønsker alle eit innhaldsrikt, trygt og godt skuleår!

Mvh

Svanhild Gjødrem, rektor

